


Høyring om Justering av hovudgudstenesta og allmenne føresegner



Høyringsfråsegn ved Sokneprest Mikael Bruun

Høyringsfråsegnen er handsama i tre sokneråd med følgjande vedtak:

Hafslo sokneråd

Hafslo sokneråd vedtok på ekstraordinært møte torsdag 8. mars å støtte sokneprestens høyringsfråsegn.

Solvorn sokneråd

Solvorn sokneråd ble på ordinært soknerådsmøte torsdag 15. mars orientert om sokneprestens høyringsfråsegn.

Fet&Joranger sokneråd

Fet&Joranger sokneråd ble på ordinært soknerådsmøte torsdag 1. mars orientert om sokneprestens høyringsfråsegn.

Innleiing

Meininga bak gudstenestereforma er god. Særleg når det kjem til å inkludera fleire i både gjennomføring og planlegging. Når det er sagt må det seiast at kyrkjegjengaren i mange høve også kan oppleva det framandgjerande å ikkje kjenna seg att i gudstenesta i sin eigen kyrkjelyd, anten det gjeld musikken som vert nytta, eller fjerning av gamle og tilføring av nye liturgiske ledd.

Det er liten tvil om at kvaliteten på gudstenesta har vorte auka med reforma. Særleg tydeleg er dette ved at nattverdsliturgien har vorte styrka. At det no som hovudordning skal vera nattverd i kvar gudsteneste er også eit steg i rett retning. Dette er tydeleg på fleire måtar, eit døme er at leddet *epiklese* har vorte tilført. Dette sett oss inn i ein større økumenisk samanheng, mellom anna med dei ortodokse kristne. Dette er godt.

Når alt dette er sagt, må det også seiast at eg er usikker på kor inkluderande gudstenesta faktisk er. Meininga med å bruka medliturgar er god, men eg stiller meg tvilande til om dette er godt nok. Grunnen til dette er at kyrkjelyden sitt høve til deltaking i liturgien vert svekt. Dette kjem tydeleg fram ved at *Gud vere lova* vert fjerna som gjensvar etter tekstlesinga, samt at *amen* ikkje er eit fast ledd der det høver seg.

Eg deler ikkje tanken til kyrkjerådet om at dette ikkje fungerer. Nett no nyttar me ikkje noko av dette i dei sokna eg er prest for, men eg kjem til å tilrå alle tre sokneråda å innføra dette. Grunnen til det er at ein meir aktiv kyrkjelyd i liturgien atter vil styrkja liturgien. Det hjelper ikkje å vera medliturg éin gong i månaden og så sit kyrkjelyden som statuar under heile messa.

Dersom me aukar deltakinga i gudstenestene trur eg me vil sjå at fleire opplever at gudstenesta er for dei. Ei meir fullstendig messe vil òg tena til dette. Kanskje blir gudstenesta lengre, men det er betre at folk feirar gudsteneste i ein og en halv time enn å lida seg gjennom ei dårleg utført gudsteneste med lite deltaking i ein time.

Høyringstema 1: Korleis auka kvaliteten og talet på gudstenestedeltakarar

Svar på høyringsspørsmål 1d:

Det er ein dårleg idé å variera gudstenestene for mykje. Styrken i liturgien ligg i gjentakinga av faste ledd. Grunnlaget er dette: Me kjem saman så ofte det høver seg for å tilbe den same Gud på den same måten. Å opna for variasjonar søndag etter søndag vil auka folk si kjensle av å vera framandgjorde.

Høyringstema 2: Allmenne føresegner for hovudgudstenesta

Svar på høyringsspørsmål 2:

Ein bør halda fram med at den lokale grunnordninga til kyrkjelyden framleis må godkjennast av biskopen.

Høyringstema 3: Justeringar i hovuddel I. Samling, ledd 1-8

Svar på høyringsspørsmål 3e – Samlingsbøn

Samlingsbøn bør vidareførast som fast ledd i gudstenesta. Dette treng ikkje tyda at dagens bøn ikkje er fast. Begge bør vera faste ledd. Klokkarbøna bør inngå som ei valbar bøn.

Kyrkjelyden bør svara *amen* etter bøna.

Svar på høyringsspørsmål 3f – Syndevedkjenninga

Det grunnleggjande problemet til mennesket er at me er syndarar. Å vera ein syndar tyder at me er fødte med arvesynda, men òg at me dagleg bryt Guds lov og bod. Desse finn me mellom anna i dei ti lovboda. Framlegget til syndevedkjenning i den reviderte ordninga har eit ynskje om å fokusera på synd som noko som «*angår menneskets forhold til Gud.*»

Den syndevedkjenninga som er mest tydeleg på dette er den som lyd slik:

Heilage Gud, himmelske Far. Sjå i nåde til meg, syndige menneske, som har såra deg med tankar, ord og gjerningar, og kjenner den vonde hug i hjarta mitt. For Jesu Kristi skuld, ha tol med meg. Tilgjev meg alle mine synder, og gjev at eg må ottast og elska einaste deg.

Denne er ikkje med i gudstenesteordninga, og det er eit problem. Denne syndevedkjenninga er tydeleg på at vi har brotne Guds lov og bod, difor er den god og bør vidareførast.

Skriftespegelen frå Matteus 22 bør ikkje fjernast.

Når dette er sagt bør ein også vurderer å endra korleis syndevedkjenninga vert gjennomført i gudstenesta. I nokre kyrkjer, mellom anna i Missourisynoden i USA har dei høve til å nytta syndevedkjenninga som eit konkret allment skriftemål, slik me har i skriftemålgudstenesta. Dette er ein god idé, og noko me bør opna for i Noreg òg. Endringa vil bestå i at me legg til absolusjon etter syndevedkjenninga. Orda frå 1. Johannes 1 vil nyttast som innleiing, og bør også inkludera vers. 8 i tillegg til 9.

Konkret blir ledd Syndevedkjenning sjåande slik ut:

L Seier vi at vi ikkje har synd, då fører vi oss sjølve vill, og sanninga er ikkje i oss. Men dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd.

A Heilage Gud, himmelske Far. Sjå i nåde til meg, syndige menneske, som har såra deg Med tankar, ord og gjerningar, og kjenner den vonde hug i hjarta mitt. For Jesu Kristi skuld, ha tol med meg. Tilgjev meg alle mine synder, og gjev at eg må ottast og elska einaste deg.

L Den allmechtige Gud har i si miskunn gjeve Son sin for å døy for deg, og for Jesu Kristi skuld tilgjev han deg alle dine synder. Som Kristi kalla og ordinerte tenar, og på Hans ord og føresegn, tilseier eg deg nådig forlating for alle dine synder, i namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

A Amen

Himmelske Far vert fjerna frå 1977 til 2011. Dette bør gjeninnførast.

Svar på høyringsspørsmål 3i – Dagens bøn

Dagens bøn bør innførast som fast ledd i alle gudstenester, saman med samlingsbøna.

Kyrkjelyden bør svara *amen* etter bøna.

Svar på høyringsspørsmål 3j – Andre kommentarar

Det er ein god idé å halda kyrkjerommet ope for stille og bøn eit kvarter før gudstenesta byrjar. Det bør presiserast at dette er slik det skal vera. Det lèt seg dårleg gjera å ha både stille, bøn og småprat.

Informasjon før dagens gudsteneste bør fjernast som ledd. Offerføremålet kan kunngjerast ved andre høve, og det aukar ikkje kvaliteten i høveleg grad å halda mykje informasjon før gudstenesta byrjar. Ein får eit liturgisk brot mellom klokking og inngangssalme som mest tener til å skapa forstyrning.

Ein einskapleg praksis kring til dømes nattverd vil også ta bort behovet for informasjon før gudstenesta.

Det er ein god praksis at kyrkjelyden alltid står. Dette bør innførast som fast praksis. At kyrkjelyden står til helsinga er over bør innførast.

Soknepresten tilrår sterkt at kyrkjelyden svarer *amen* etter helsinga. Sjå grunngeving i innleiinga.

Gloria bør som hovudregel vera fullstendig og ikkje avkorta.

Høyringstema 4: Justeringar i hovuddel II. Ordet, ledd 9-17**Svar på høyringsspørsmål 4**

Dersom ein arbeider aktivt for det, vil det fungera godt å la kyrkjelyden ha meir deltaking i liturgien. Difor bør det ikkje fjernast, men heller gjerast obligatorisk å ha *Gud vere lova* som svar etter alle tre tekstlesingane. Dette bør syngjast etter 1977-musikken.

Den alternative lovprisninga *Lovet være Gud, vår skaper, frigjører og livgiver* bør ikkje inngå som alternativ. Dette er ikkje ein trinitarisk formel, men ei liberalteologisk standpunktmarkering. Det er ikkje feil å kalla Gud for skapar, frigjerar og livgjevar, men formelen vart innført som eit alternativ til Faderen, Sonen og Den heilage ande, og difor er han problematisk fordi han ber i seg at den klassiske trinitariske nemninga av Gud er problematisk. I den heilage Skrift har Gud openberra seg slik: Fader, Son og Heilag Ande. Dette er den treeinige Gud, den Gud som kyrkja i 2000 år har vedkjend.

Skapar, frigjerar og livgjevar er ikkje ei trinitarisk formulering. Problemet er som nemnt ovanfor at det vert innført fordi nokon vil ha eit alternativ til Fader, Son og Heilag Ande. Vidare er det også slik at når dette vert nemnt åleine reduserer det Gud til funksjonar og opphev det relasjonelle. Gud kan einast verten forstådd i relasjon – Faderen er Fader i relasjon til Sonen, osv. med alle tre personane i treeininga. Både Fader, Son og Heilag Ande kan vere skapar, frigjerar og livgjevar. Men å bruke det som ei trinitarisk formulering og slik si at Fader = Skapar, Son = frigjerar og Ande = livgjevar vert galt. Reduksjonen til funksjon er som sagt problemet, då dette vert den oldkyrkjelege heresi modalisme, kjend frå kjetteren Sabellius og fordømd av ei samla kristenheit. Denne formuleringa bør difor verten fjerna.

Det bør opnast for større bruk av Nikenum i vanlege gudstenester. Ein samla kristenheit fram til omkring 1960 hadde Nikenum som si hovudvedkjenning. Apostolicum burde vere førehaldt til bruk i dåp.

Høyringstema 5: Justeringar i hovuddel III. Nattverd, ledd

Svar på høyringsspørsmål 5a

Nattverd med dypping (lat. *intinksjon*) bør ikkje førekoma i ei kristen kyrkje. Dersom ein tek evangelisk-luthersk og felles kristeleg lære på alvor, sømer det seg ikkje med ein slik lite vyrdsam praksis. Eg oppmodar difor kyrkjerådet og biskopane om å avvikla denne praksisen.

I Luster er nattverden som hovudregel med knefall og særkalk. Særkalk er ikkje å føretrekkja, då det alltid vil vere litt innvigd vin att i dei, og det er såleis vanskeleg å sikra ei verdig behandling av vinen etter måltidet. Alternativet som er å dela felles kalk ville vorte vanskeleg innført, og difor går det an å halda på denne praksisen. Knefall er alltid å føretrekkja. Me tek i mot Herren Jesus Kristus, og då sømer det seg å knela. I særskilde høve kan ein ha «stående nattverd», men då burde det gjennomførast med særkalk. Aldri dypping.

Argument for å forenkla nattverdspraksisen for slik å gjera terskelen lågare for folk å koma fram burde ikkje fremjast. Dersom ein kristen veit kva han får og tek i mot burde det ikkje vera noko problem å knela for Herrens altar for å ta i mot Hans kropp og blod. Katekisme av kyrkjelydener løysinga, ikkje mindre vyrdsam praksis knytt til nattverdesfeiringa.

Det bør liggja prestar særskild på hjarta å nøda kyrkjelyden i kva det vil seia å vere verdig. Me må gå i rette med pietismen på dette punktet. Luthers ord at å vere verdig vil seie å tru at det Jesus seier om gåvene er sant, ikkje å ha unngått synder i så og så lang tid. Alle som trur burde gå fram, og dei som ikkje trur burde ikkje gå fram. Så enkelt er det. Nattverdspraksisen i DnK i dag er for open og skriftemål burde gjeninnførast.

Svar på høyringsspørsmål 5b

I Luster har ein innført endringa i *Sanctus* slik at me syng «All jorda er full av *din* herlegdom. Me tilrår difor at denne endringa vert ståande fast. Dei teologiske grunngevingane frå kyrkjerådet er gode.

Når det gjeld bruk av kropp eller lekam (bn. legeme) og beger eller kalk tilrår soknepresten at dette i det minste vert valfritt. Det er ikkje i seg sjølv noko problem at religiøs språkbruk vert opplevd arkaisk. Dette er noko av poenget med trusopplæringa. Me gjer mykje som ikkje finst i dagleglivet, og difor treng folk opplæring. Dette gjeld teologi, men òg ritual og språkbruk. Dersom ein skal endra lekam til kropp og kalk til beger bør ein vera konsekvent.

Døypefont bør endrast til døypefat.

Kollekt/takkoffer bør endrast til pengeinnsamling.

Prosesjon bør endrast til inngangstog.

Også andre ord burde endrast dersom denne linja følgjast helt ut. Å halda fast på såkalla *kanaanspråk* stiller sjølv sagt krav til tilsette og friviljuge om kunnskap og vilje til opplæring.

Til sist; når det gjeld nynorsk vil ei endring frå *lekam* til *kropp* vera nok eit steg i retning av ein språklyd som liknar meir på bokmål. Dette er ikkje å tilrå.

Svar på høyringsspørsmål 5c

Det er god erfaring med å ta opp takkoffer rundt altaret i gudstenesta. Det er fleire gode grunnar til å halda fram med dette. For det fyrste vert det ein aktivitet i gudstenesta som ungar gjerne set stor pris på. Det er ofte lenge å sitja stille, så å få røra på seg gjer underverk for dei.

Karakteren som takkoffer til Herren vert styrkt ved å ha det rundt altaret, og preget som ei enkel pengeinnsamling vert svekka. Dette er ein god ting.

Også for dei som ikkje går til nattverd er det fint, for dei får ein altargang likevel. Ein kan sjå det som katekumenenes altargang.

Eg skriv dette fordi dersom takkofferet går inn i nattverdliturgien vert det vanskeleg å halda fram med dette slik. Då bør takkofferet samlast inn under offertoriesalmen, i benkene. Ved alteret under offertoriesalmen er presten i rørsle med messehaket, gåvene vert førebudde og sjølv om det ikkje er ein del av liturgien bør alle prestar be ei bøn for seg sjølv før dei går i gang med denne heilage handlinga. Om heile kyrkjelyden i tillegg då skal gå rundt altaret her vert det kaos.

Takkebøna vert innleia med «Velsigna vere du Gud». Til skilnad frå 1977 då takkebøna vart innleia med «Herre Gud, himmelske Far». Dette bør endrast.

Svar på høyringsspørsmål 5e

Det er klokt av kyrkjerådet å ikkje inkludera NFG si alternative, forkorta formulering. Elles ingen kommentarar på dette. Eg lèt soknerådet primært uttala seg om korleis ein opplever fredshelsing.

Der kyrkjerådet burde høyrte på NFG er når det gjeld 5d: ledd 19. Liturg burde vera vendt primært mot elementa og altaret, ikkje kyrkjelyden. Nattverdliturgien er ikkje presten si førestelling for kyrkjelyden, men noko prest og kyrkjelyd feirar saman vendt mot den Heilage Herre.

Andre kommentarar

Det er ein god ting at den innleiande lovprisinga vert fast. Det burde leggjast inn ei endring. Det er både nytt og sært at kyrkjelyden svarar *og med deg vere herren*. Store delar av kyrkjene i verda som me kan samanlikna oss med svarar *og med din ånd (din ande)* når presten seier *Herren vere med dykk*. Dette var slik også i vår liturgi fram til 1977, og det burde gjeninnførast.

Høyringstema 6: Justeringar i dei særskilde nattverdbønene

Svar på høyringsspørsmål 6

Nattverdsliturgien til kyrkja vert i stor grad styrkt av reforma. Denne vert ytterlegare styrkt med betre epiklesar og tydeleggjering av kva ein ordinert prest skal be og kva som kan bedast av andre.

Når det gjeld prefasjon ble *Heilage Herre* fjerna i 2011, så det no berre seiast *Allmektige Gud, evige Far*. Dette bør rettast opp i.

Høyringstema 7: Justeringar i hovuddel IV. Sending, ledd 22-25

Ingen kommentarar til justeringar i hovuddel IV.

Oppsummering

Det er godt at det no kjem ein gjennomgang av ei gudstenestereform som truleg vart innført og vedteken for kjapt. Eg håper at dette no kan bidra til å styrkja det liturgiske medvitet i kyrkjelydane og auka engasjementet.

Nokon av framlegga som kjem med høyringa gjer det tydeleg at kyrkjerådet no er styrt av liberalteologar. Formuleringar som *skapar, frigjerar og livgjevar* skal innførast i endå større grad enn før, noko som er eit problem. Eg ser på dette med sorg. Gud er både skapar, frigjerar og livgjevar, men dette vert innført som eit alternativ til den trinitariske formuleringa *Fader, Son og Heilag Ande*. Det er problematisk. Me avskjer oss frå ein stor fellesskap og 2000 år med kristen tru og lære. Kyrkjerådet gjer seg slik til eit talerøyr for moderne kjønnsideologi som seier at å kalla Gud for Fader er problematisk. Kjønnsnøytralitet bør ikkje prega liturgien.

Me må halde fast på at dette er ei god nemning for Gud. Fader, Son og Heilag Ande. Slik vart han openberra for oss gjennom Jesus Kristus, og slik har apostlane overlevert det.

Liturgi er lære, og difor er det ikkje uvesentleg korleis me utformar denne.